DEN NORSKE KYRKJA
Fitjar sokn

Fitjar kommune

5419 Fitjar

Fitjar, 16.10.2026

Kommunal støtte til Fitjar kyrkje for 2027 -2030
Soknerådet behandla sak om budsjett for 2027 på møte den 15.10.2026. Framlegget til driftsbudsjett inneber at Fitjar sokn søkjer kommunen om kr. 3.768.500,- i driftstilskot for året 2027. Soknet sitt framlegg til investeringsbudsjett er teke med til slutt i dette brevet.

Endringane som kjem fram i budsjettet for 2027 refererer til Fitjar kommunestyre sitt endelege budsjettvedtak for 2026.

Søknaden vert fremja med grunnlag i trussamfunnslova og gravplasslova, der kommunen sitt ansvar for kyrkja sin økonomi er omtala.

Fitjar sokn sin økonomi
Fitjar sokn si verksemd og økonomien knytt til dette består av to deler som vert finansiert på ulike måtar. Den eine delen som består av gravplass, kyrkjebygg og administrasjon vert for det aller meste finansiert med tilskot frå kommunen. Den andre delen gjeld kyrkjelyden sitt eige arbeid som vert finansiert med gåver og tilskot frå andre enn kommunen.

Soknet sin økonomi må reknast som sunn, noko som skuldast nøktern drift, der det vert lagt vekt på å nytta ressursane på ein god og effektiv måte. I år med overskot har det vorte bygd opp fond som soknerådet kan disponera til positive tiltak.

Soknet sine fond
Eigenkapitalen er delt i disposisjonsfond som kan brukast fritt av soknerådet, og bundne fond som er låste til spesielle føremål. Fram til no har disposisjonsfondet vore samansett av midlar som kjem frå både kommunal og kyrkjeleg finansiering. Dette fondet vart i 2025 splitta på ulike føremål, etter kor finansieringa kjem frå.

Pr. 1.1.2026 fordelte disposisjonsfondet seg slik:

Disposisjonsfondet	01.01.2026
Disposisjonsfond frå kommunal finansiering	712.525
Driftsfond for anna kyrkjeleg verksemd	717.363
Driftsfond for ungdomsarbeid	236.065
Driftsfond for diakoniarbeid	37.594
Sum	**1.703.547**

Det vert rådd til at den kyrkjelege verksemda som vert finansiert av kommunen, har eit disposisjonsfond på minimum 10 % av omsetnaden. Hos oss ligg det an til at omsetnaden i denne delen av verksemda vert tett på 4 mill. kroner i 2027. I samband med innflytting til nytt kyrkjekontor i 2026 er det brukt om lag kr 130.000 på kontormøblar og utstyr. Etter samråd med soknerådet er dette finansiert med midlar frå disposisjonsfondet. Summen som står att på fondet, bør vera tilgjengeleg for uføresette kostnader til drift og vedlikehald.

I tillegg til disposisjonsfondet har soknet kr. 1.037.428 i bundne fond som soknerådet ikkje kan disponera fritt, men til dei føremåla som pengane er avsett til:

Bunde fond	01.01.2026
Fond gravfestemidlar	221.171
Orgel	3 000
Kyrkjelydsprest	512.019
K. K. Rydlands legat	74.647
Gravlegat	226.592
Sum bundne fond	**1.037.428**

DRIFTSBUDSJETTET FOR 2027

Budsjettet byggjer m.a. på desse føresetnadane:

1. Budsjettet er sett opp på grunnlag av kommunal deflator for 2027 som er rekna til 3,4%.

2. Pensjonskostnader er budsjetterte i tråd med prognose frå KLP.

3. Satsen for festeavgift på gravplassen vart sett til kr 250 per år i 2022. Etter fem år vert det føreslege å prisjustera avgifta til kr 300 per år frå 2027, i tråd med SSB sin priskalkulator. Avgifta skal framleis fakturerast for ti år om gongen.

4. I driftsbudsjettet er dei avdelingane som kommunen har ansvar for å finansiera budsjettert i balanse.

5. Soknerådet har ikkje planar om vesentlege endringar i driftsnivået til kyrkja dei neste fire åra. Det kan leggjast til grunn i økonomiplanen for 2027 – 2030.

Tilsette i kyrkja

I kyrkja er det løn, pensjon og arbeidsgjevaravgift som utgjer storparten av kostnadane. Det er ikkje planlagt endringar i tal årsverk og tilsette. Tabellen nedanfor viser kva faste stillingar me har budsjettert for i 2027.

Stilling	**2027**	**2026**
Kyrkjeverje	0,50	0,50
Kantor	0,65	0,65
Kyrkjelydspedagog	0,90	0,90
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50
Vaktmeister/reinhaldar/kyrkjetenar	0,30	0,30
Kontormedarbeidar og administrativ ressurs for prestetenesta	0,40	0,40
Sum	**3,25**	**3,25**
Arbeidet som klokkar og kyrkjetenar vert for det meste utført av frivillige medarbeidarar, men det er tilsett tre ungdomar som vert løna for arbeidet.		

Kommentarar for dei ulike avdelingane i budsjettet

Administrasjon

I avdelinga for administrasjon er det til saman 0,9 stillingsressurs med 0,5 stilling som kyrkjeverje og 0,4 stilling som sekretær/sakshandsamar.

Kostnaden for tenesteavtalen med kommunen er ført opp med kr 400.000. Dette er ein auke som følgje av at kyrkjekontoret er flytta til leigde lokale. Tenesteavtalen mellom kommunen og kyrkja treng ein grundig revisjon for å få oppdaterte og reelle tal på dei ulike postane. For kyrkjebudsjettet skal dette uansett vera eit nullspel, sidan kommunen har ansvar for å dekkja dei administrative kostnadene til kyrkja.

Kyrkja

Lønsmidlane som ligg inne i budsjettet for kyrkja går til kantor i 65 % stilling og fast tilsett reinhaldar / vaktmeister i 30 % stilling.

Klokkartenesta og arbeidet som kyrkjetenar vert utført av frivillige medarbeidarar og tre løna ungdomar. Kommunalt tilskot som opphavleg var sett av til denne tenesta, har gjennom mange år vorte overført til kyrkjeleg undervisning, jamfør omtalen av denne avdelinga nedanfor. Dette er ein praksis som kommunen og kyrkja har vore samde om, og som kyrkja set stor pris på.

For 2027 er det budsjettert med kr. 60.000 til vedlikehald av kyrkjebygget. Me ventar på ein tilstandsrapport for innfestinga av takhellene som vart omtala i budsjettet for 2026. Dersom rapporten viser at det omgåande må gjerast ein del sikringstiltak, vert vedlikehaldsbudsjettet truleg for knapt. Om det vert aktuelt, eller eit meir omfattande vedlikehaldsprosjekt må planleggast, må me komma tilbake til.

Kjølen på kyrkjetaket har fått ein del rustskade og bør skiftast ut før det oppstår lekkasje. Nokre HMS-tiltak i tårnet kan me og tenkja oss å få på plass.

Når det gjeld utvendig maling vart heile kyrkjebygget og tårnet malt med to strøk linoljemaling i 2022. Dette vart gjennomført av vaktmeister og dugnadsfolk. Kyrkja frå 1867 vert såleis halde i god stand utan store eksterne innkjøp. Behovet for vedlikehald er likevel kontinuerleg.

Utskifting av styringsystemet for kyrkjeklokka og nytt låssystem i kyrkja er gjennomført i 2026 slik det var planlagt.

Kyrkjeorgelet, som vart bygd i 2017, har 10-årsjubileum i 2027. Det har ikkje vore utlegg på orgelet desse ti åra, noko som tyder på at me har eit skikkeleg kvalitetsinstrument i kyrkja vår. Klassiske kyrkjeorgel må likevel stemmast på nytt frå tid til annan. Etter ti år kan det passa å få ein orgelstemmar på plass. I budsjettet er dette lagt inn med ein kostnad på kr 20.000.

Straumkostnadene i kyrkja er budsjetterte med kr 100.000. Å spå straumprisane framover er vanskeleg, men i budsjettarbeidet byggjer me på erfaringstal frå tidlegare år. Me har ikkje inngått fastprisavtale for kjøp av straum til kyrkja, men kjøper til den til kvar tid gjeldande marknadsprisen. Det årlege straumforbruket i kyrkja ligg på om lag 60.000 kWh. Kyrkja er ikkje tilgodesett med noka form for straumstøtte frå det offentlege.

Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL)

Til drift av kyrkja er det i budsjettframlegget lagt inn kr. 1.405.500 i kommunalt tilskot for 2027.

Kyrkjeleg undervisning og læring (tidlegare kalla trusopplæring) vert i utgangspunktet finansiert av øyremerkte inntekter frå staten via bispedømet. Det er talet på barn i soknet som avgjer kor stort tilskotet skal vera. For oss i Fitjar er tilskotet stort nok til å finansiera i

underkant av 40 % stilling som kyrkjelydspedagog, samt andre kostnader som knyter seg til undervisninga. All kyrkjeleg undervisning vert gjennomført etter den lokale planen for kyrkjeleg undervisning, som er godkjend av bispedømerådet.

Soknerådet i Fitjar har gjennom fleire år arbeida for å styrka ungdomsarbeidet og den kyrkjelege undervisninga. Hausten 2023 vart stillinga som kyrkjelydspedagog auka frå 80 til 90 %. Stillinga vert finansiert med tilskot frå stat og bispedømme, kommunalt tilskot og frivillige gåver.

Med berre éin prest i soknet er kyrkja heilt avhengig av å ha hjelp til å driva eit godt konfirmantarbeid og barne- og ungdomsarbeid. Soknerådet prioriterer dette arbeidet høgt. Difor har soknerådet vedteke å bruka fond og gjevarteneste til å finansiera delar av stillinga som kyrkjelydspedagog dei siste åra.

I tillegg til arbeidet med å gjennomføra kyrkja sin trusopplæringsplan, er kyrkjelydspedagogen med og hjelper til i det frivillige ungdomsarbeidet i bygda. Her kan me nemnda Ten-treff som er eit rusfritt lågterskeltilbod som samlar opp mot 50 tenåringar til sosialt samvær og kjekke aktivitetar på Fitjar Bedehus kvar fredagskveld.

Soknerådet meiner slikt arbeid er så viktig at me har frimod til å be om at kommunen held fram med å gje tilskot til kyrkjelyden si trusopplæring for 2027.

Gravplassen

I budsjettframlegget for 2027 er det lagt inn kr. 300.000 i kommunalt tilskot til kyrkjeleg undervisning (sjå og avsnitt om kyrkja, klokkar- og kyrkjetenar ovanfor)

Gravplassen i Fitjar står fram som velstelt og fin. Det er me stolte av og her vil me ikkje slakka av på kvaliteten. På bakgrunn av dette har me lagt opp til å halda drifta av kyrkjegarden på same nivå som tidlegare. Til drifta av kyrkjegarden er det lagt inn 50 % stilling som kyrkjegardsarbeidar. I tillegg vert det leigd inn ekstra hjelp om sommaren, og me leiger hjelp til arbeid med gravstell for dei som kjøper slike tenester hos kyrkja. Drifta av kyrkjegarden vert finansiert med inntekter frå festeavgift og kommunalt tilskot. Kyrkja får òg frå tid til anna hjelp av frivillige til å stella kyrkjegarden.

For nokre år sidan vart koleragravplassen sett i stand av Fitjar kommune. Det er både ein vigsla gravplass og eit viktig kulturminne for Fitjar. Etter avtale med kommunen utfører kyrkjegardsarbeidaren sommarstell av gravplassen for ein sum på kr. 10.000 kvart år.

Me har ikkje hatt tradisjon i Fitjar for å prisjustera festeavgiftene årleg, men har gjort større justeringar år om anna. Satsane for festeavgift og andre inntekter på gravplassen vart sist justerte i 2022. Me føreslår at festeavgifta vert auka frå kr. 250 til 300 pr. år frå 2027. Avgifta vert fakturert for 10 år om gongen. Dei andre satsane i tabellen kan stå uendra sidan dette utgjer ein liten del av inntektene.

Satsane vert for 2027 slik:

Teneste	Sats
Festeavgift pr. år	300
Reservering av grav	4.000
Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlemer	4.000
Gravlegging utanbygds, kistegrav	8.000
Gravlegging utanbygds, urnegrav	4.000

Anna kyrkjeleg verksemd

Avdelinga for anna kyrkjeleg verksemd omfattar deler av kyrkja sitt arbeid som kommunen ikkje er forplikta til å finansiera. Her ligg det m.a. inne arrangement i soknet sin regi utanom gudstenester og kyrkjelege handlingar, samt kollektar til kyrkjelyden sitt eige arbeid og til andre føremål der kollekten vert sendt vidare.

Ungdomsarbeid

Budsjettet for kyrkja sitt ungdomsarbeid omfattar for det meste konfirmantarbeidet. Soknerådet ynskjer at alle konfirmantane i tillegg til ordinær konfirmantførebuing, skal få høve til å delta på felles opplevingar, som tur og konfirmantfestival. For at eigendelen som foreldra betalar for konfirmantførebuinga ikkje skal vera for høg, vil kyrkja sjølv vera med å gje stønad. Eigenbetalinga er for konfirmantåret 2026-2027 sett til kr. 1.500. Midlane skal mellom anna og dekka mat på samlingar, konfirmantfest med foreldre og konfirmantbilete. Det har vore vanleg at kommunen dekkar kostnadane til undervisningsmateriell for konfirmantane. For 2027 er dette kostnadsrekna til kr. 20.000.

Kyrkjeblad

Fitjar kyrkjeblad kjem som regel med fire utgåver kvart år. Utgjevinga av bladet vert finansiert med annonseinntekter og gåver.

Diakoni

Kyrkja sitt frivillige diakoniarbeid utgjer ein viktig del av det totale omsorgstilbodet i Fitjar. Kostnadane med det frivillige arbeidet vert dekka inn ved hjelp av eigenbetaling for turar og andre arrangement, samt kollektar og gåver.

Diakoniarbeidet, som er kyrkja si omsorgsteneste, har ei viktig rolle i samfunnet sitt krise- og sorgarbeid. Difor er soknepresten fast medlem av kommunen sitt kriseteam. I mange kommunar har kyrkja profesjonelle diakonar som er med i oppfølgingsarbeid etter kriser og tragiske dødsfall. Eit slikt tilbod skulle me gjerne hatt i Fitjar, men så langt har me ikkje fått det til. Soknepresten si rolle i kriseteamet er viktig, men presten har ikkje nok kapasitet til å gje støtte til pårørande i etterkant av ei krise, slik me gjerne kunne tenkt oss.

Siste året er soknepresten i Fitjar teken med i ein felles gravferdsturnus for prestane på Stord-øya. Dette fører med seg at presten i Fitjar må ha fleire av gravferdene i Stord kommune. For å

styrka kyrkja i Fitjar si teneste i krise- og sorg, ynskjer soknerådet å ha høve til å leiga inn diakonikompetanse. Rådet meiner dette er noko kommunen kan ha god nytte av, og vil difor søkja kommunen om tilskot på kr. 95.000 til føremålet.

Det er lagt inn kr. 95.000 i kommunalt tilskot til diakoniarbeid for 2027.

INVESTERINGSBUDSJETT FOR FITJAR SOKN 2027-2030

Soknerådet ynskjer å gjennomføra følgjande investeringsprosjekt dei neste åra:

- ✓ Universell utforming av kyrkjebygget
- ✓ Fornying av det gamle gravfeltet F1

Investeringsbehovet er fordelt på avdelingane for kyrkja og gravplassen.

Gravplassen

Nye graver

Arbeidet med nytt gravfelt for kistegraver i dobbel djupne er no ferdig og teke i bruk. I budsjettbrevet for 2026 vart det lagt opp til å få på plass minnelund for urnegraver og eit lite gravfelt for muslimske kistegraver. Dette prosjektet er no under utføring og me håpar å ha det ferdig før årsskifte.

Forvaltning av gravplassen er omfatta av strengt lovverk og andre reguleringar. Ein gravplass skal tena alle innbyggjarane i kommunen og framstå på ein verdig måte.
I Fitjar skal og jordvernet takast på alvor. Slik gravplassen i Fitjar ligg til er det ikkje råd å utvida den utan å ta av matjord med høgste kvalitet. Difor er det avgjerande med langsiktig forvaltning og planlegging. Slik det ser ut no, er det ikkje behov for å utvida gravplassen utover dei grensene den har i dag, men det føreset at det må verta meir gjenbruk av gamle graver. På gravfeltet som vert kalla F1 ligg det godt til rette for dette. Feltet ligg mellom kyrkja og det nye feltet som nettopp er teke i bruk. Her er det små investeringar som skal til for å leggja til rette for fleire nye kistegraver i enkel djupne.

Til dette prosjektet vert det føreslege å bruka kr. 300.000 i 2027 og kr. 200.000 i 2028.

Kyrkja

Utvendig lyssetjing av kyrkja

I budsjettet for 2026 vart det sett av kr 230.000 til lyssetjing av kyrkja ute og inne. Fitjar Kraftlag gav kr 100.000 i støtte frå almennyttige midlar til nytt utvendig lysanlegg og scenelys inne i kyrkja. Kommunen løyvde òg kr 100.000 i investeringsbudsjettet for 2026 til føremålet. I løpet av året har me brukt tid på å vurdera ulike løysingar. Anlegga er difor ikkje komne på plass enno, men me reknar med å få dei ferdigstilte før årsskiftet.

Universell utforming

Kyrkjebygget har i dag godkjend inngang for rullestolbrukarar, men mange opplever den praktiske løysinga som ueigna fordi ho nyttar den fremre inngangen, som eigentleg er klassifisert som naudutgang. Det vert rådd til at universelt utforma tilkomst vert plassert der folk til vanleg går inn i lokalet. Soknerådet ønskjer difor ei større ombygging av inngangspartiet til kyrkja. Som eit første byggjesteg kan me etablera trygg og enkel tilkomst til kyrkja med ei heisordning. Det kan òg vera aktuelt å oppgradera toalettforholda i kyrkja og eventuelt flytta bårerommet til kyrkjegardshuset.

OVERSIKT INVESTERINGAR 2027–2030

Prosjekt	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Gravplassen – oppgradering av felt F1	300.000	200.000		
Universell utforming kyrkja	100.000	200.000	1.500.000	500.000
Sum	**400.000**	**400.000**	**1.500.000**	**500.000**

Finansiering	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Kommunalt tilskot	400.000	400.000	1.500.000	500.000
Sum	**400.000**	**400.000**	**1.500.000**	**500.000**

Me håpar på ei positiv behandling av søknaden. Ta kontakt med kyrkjeverja dersom det skulle vera spørsmål til det som er teke opp i brevet.
Med venleg helsing

_____
Harald Rydland
Kyrkjeverje

_____
Mette E. Lambach
Soknerådsleiar